



Fylkesleiar Sveinung Valle orienterer under årsmøtet – ordførar Synnøve Solbakken til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I årsmeldinga for Kvinnherad Arbeiderparti som vart presentert under årsmøtet på Solheim Turiststasjon søndag vart det opplyst at det har vore stort forfall på styremøta og i gruppe-/medlemsmøta.

- Dette må alle følgja opp og vera flinke til å møta. Det er på desse møta at medlemmene kan få sagt sitt syn på aktuelle saker som kjem opp i Kvinnherad, vart det understreka i årsmeldinga.

Der vart det og opplyst at "det ser ut for at partiorganisasjonen tek til å fungera att". Ordførar Synnøve Solbakken meinte at det trass i alt hadde vore god aktivitet, men at arbeidet hadde lege på nokon få. Det er viktig å involvera fleire, understreka ho.

Fylkesleiar Sveinung Valle kom i si orientering mellom anna med ei anbefaling om å nominera ordførarkandidat tidleg på eit medlemsmøte og foran resten av nominasjonen, Han streka under kor viktig det er at partiet får fleire ordførarar i Hordaland.

Årsmøtet vedtok mellom anna ei uttale der det heiter at partiet med stor glede har motteke meldinga om at Folgefonnsenteret har oppretta eit formelt samarbeid med Bjerknessenteret for aktivitetar knytt til klimaforskning. Partiet vil støtta dette samarbeidet som det trur vil få positive ringverknader ikkje berre for Kvinnherad men for alle kommunar rundt Folgefonna.

Årsmøtedeltakarane uttrykte stor bekymring både for Sørals og Valen sjukehus sin situasjon.

I ei uttale om SØRAL krev partiet positivitet og handling no med omsyn til konkurransedyktige kraftvilkår. Det vises her til at dei seks andre aluminiumsverka i landet i hovudsak har kraftavtalar til rundt 2020 medan SØRALs avtale stoppar i 2012.

Med omsyn til Valen blir det understreka at Helse Fonna må vera aktive med å tilby eit behandlingstilbod i rus- og psykiatribehandling.

Av Ola Matti Mathisen